

## **Elektronisk post**

Til: Rådmannen

Fra: Vidar Marøy, ,

Vår ref.: 11/1014-14

Arkiv: 13/8981 23/7

Dato:05.09.2013

Gnr 23/7 Marøy - Klage på utsleppsløyve

> Klage på utsleppsløyve gnr 23 bnr 7 Marøy Sak 11/1014

Mongstad 5/9-2013

> Det vises til sakspapirer frå kommunen i denne sak, om at tiltaket er nabovarsla utan merknader. Søknad om løyve er ikkje varsla slik lov og forskrift krev.

> Som eigar av nabobruket gnr 23 bnr 17 med felles grenselinje mot gnr 23 bnr 7 skulle eg etter vorte nabovarsla i denne sak. Eg tillet meg å sende Radøy kommune ein link til Bioforsk sin kommuneveiledning som beskriv bae prosessen og dokumentasjonskrava knytta til søknad om utslepp.

>

> [http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/prosjekt/tema/artikkel?p\\_dimensi](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/prosjekt/tema/artikkel?p_dimensi)

> [on\\_id=19541&p\\_document\\_id=77874&p\\_dim2=19546](http://www.bioforsk.no/ikbViewer/page/prosjekt/tema/artikkel?p_dimensi&on_id=19541&p_document_id=77874&p_dim2=19546)

>

> Nabobruket 23/17 har ikkje motteke nabovarsel og har således ikkje hatt moglegheit å komme med merknader på eit tidlegare tidspunkt.

>

> Avløpsvann frå minirensanlegg 23/7 går via ledningsnett og kistegrøft og vidare over bnr 17 sin eigedom i steingrøft, samt at regnvann fra bnr 5 også samles over bnr 17 i samme grøft.

>

> I henhold til Radøy kommune sin eigen forureiningsforskrift skal det vedleggast erklæring om rett til å leggja, fornya og vedlikehalda anlegget dersom heile eller delar av dette plasserast på andre sin eigedom. Slik erklæring ligg ikkje føre.

>

> Grøftene på bnr 17 sin eigedom har problem med at regnvann fløymer utover markene ved store nedbørmengder. Når kommunen sakshandsamer løyve med heimel i lokal forskrift § 11, andre ledd bokstav b, er det krav om at anlegget (også resipienten) har tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve. Dette er ikkje undersøkt i høve til det påklaga løyvet.

>

> Grøftene på bnr 17 er i nyleg tid vedlikeholdt, men dei har ikkje yteevne til å ta unna utsleppsvatn under normale klimatiske tilhøve (dvs. større, men ikkje ekstreme nedbørmengder) Grøftene over bnr 17 tilfredsstillar ikkje kravene i lokal forskrift frå

kommunen. Når kommunen no har gjeve utsleppsløyve som skal gå i grøft over bnr 17 vil avløpsvann og eventuelle kjemikalier således føres utover beiteområder og leikeområde på bnr 17 sin eigedom ved mykje nedbør.

>

> Eigar av bnr 17 samtykker derfor ikkje til ein løsnig der avløpsvann føres i grøft over denne eigedom.

>

> Eg er part i saka, og klagar med dette på vedtaket. Klagegrunner er feil ved sakshandsaminga, både materielt og prosessuelt. Det er truleg at feilen har verka inn på resultatet. Vedtaket skal difor opphevast og saka skal behandlast på nytt.

>

>

>

>

> Blir ikkje klagen tatt hensyn til, vil saka bli tatt opp med miljøretta helsevern. Om klagen ikke fører fram i kommunen, ber eg om at den snarast råd blir sendt til vurdering hjå fylkesmannen.

>

>

> Helsing

> Vidar Marøy

>

>

-----  
The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorised use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you